



Bacheloroppgave

VPL05 Vernepleie

" Bevegelse" - Kommunikasjonens betydning for myndiggjering

"Movement" - The importance of communication in empowerment

Sissel Johannessen

Totalt antall sider inkludert forsiden: 39

Molde, 30.05.12



Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none">• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å betrakte som fusk og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. Universitets- og høgskoleloven §§4-7 og 4-8 og Forskrift om eksamen §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens retningslinjer for behandling av saker om fusk	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av kilder og referanser på biblioteket sine nettsider	<input checked="" type="checkbox"/>

Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Hans Petter Iversen

Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 22.05.12

Antall ord: 11596

Forord

Etter veker og månader med intensiv jobbing er eg altså komen i mål med oppgåva mi. Kombinasjonen jobb og studie er ikkje alltid like enkel, men mykje kan utrettast med eigen vilje og andres velvilje. Å fordjupe meg i eit tema som dette, har vore spennande og utfordrande, og eg kjenner meg både spent og litt stolt over å ha gjennomført eit stort prosjekt som ei bacheloroppgåve er.

Eg brukte tid for å kome ned i "trakta" og avgrense både tema og problemstilling. Takka vere ein inspirerande og engasjert rettleiar vart dette etterkvart tydelegare for meg. Arbeidet med oppgåva har gitt meg mange tankar om kor ofte det i praksis kan vere avvik mellom hjelparens intensjoner og borgarens eigen oppleving. Det er ikkje slik at det ikkje skal vere rom for å feile, men vi må verte betre på å lytte til og gripe fatt i personens eiga oppleving for slik å kunne oppnå endring. Sagt med andre ord - vi må la oss bevege for å oppnå bevegelse.

Innhold

Forord	4
1.0 Innleiing	6
1.1 Presentasjon av tema og problemstilling	6
1.2 Bakgrunn og begrunning for val av tema og problemstilling	7
1.3 Avgrensing og presisering av problemstilling	9
1.4 Oppbygging av oppgåva	10
1.4.1 Avklaring av omgrep	10
1.4.2 Førforståing.....	11
1.4.3 Teoretisk og fagleg plattform	11
2. Metode	12
2.1 Litteraturstudie som metode	12
2.2 Presentasjon av litteratur	13
2.3 Kjeldekritikk	14
3. Teori	14
3.1 Teoretiske perspektiv	15
3.2 Funksjonshemming	15
3.3 Makt	17
3.4 Myndiggjering	18
3.5 Kommunikasjon	19
3.6 Relasjon	22
4.0 Drøfting	24
4.1 Kva betyr relasjonen for funksjonshemming?	24
4.2 Korleis er myndiggjering mogleg?	29
4.3 Kva betyr anerkjenning for myndiggjering?	33
5. Oppsummering og konklusjon	35
Litteraturliste	38

1.0 Innleiing

I arbeid med menneske med ulike funksjonshemmingar, handlar det først og fremst om å kunne oppnå endring, eller bevegelse for den det gjeld. Det handlar også om møte mellom menneske. Desse møta er avgjerande for om bevegelse skal kunne oppstå. Empowerment, eller myndiggjering står i dag i fokus i arbeidet vårt. Denne tilnærminga stiller store krav til oss som hjelparar med tanke på kommunikative og relasjonelle ferdigheiter, i tillegg til evne til kritisk refleksjon over eigen praksis. I denne oppgåva ynskjer eg å sjå nærmare på korleis vi på best mogleg måte kan bidra til innflytelse og myndiggjering. Mi antaking er at vår måte å kommunisere på, kan vere avgjerande for om brukarane skal kunne ta mest mogleg styring over eige liv.

1.1 Presentasjon av tema og problemstilling

Tema for denne oppgåva er myndiggjering av personar med ulike former for funksjonshemming. Mange lever nokså isolert utan mulighet til å ta i bruk egne ressursar. Som profesjonelle hjelparar har vi gjennom vår rolle og vår kunnskap, både ansvar og makt til å bidra til bevegelse. Empowerment, eller myndiggjering står som sagt sentralt i arbeidet vårt. For å gjere dette mogleg, vil kommunikasjonen med, og relasjonen til den vi er sett til å hjelpe, vere avgjerande. Problemstillinga mi vert ut ifrå dette:

Korleis kan vi gjennom kommunikasjon, bidra til myndiggjering for menneske med funksjonshemming?

For å svare på problemstillinga, vil eg ta føre meg teori om kommunikasjon, funksjonshemming, makt og myndeggjering.

1.2 Bakgrunn og begrunning for val av tema og problemstilling

Eg har gjennom yrkeserfaring og praksisperiodar med personar med ulike former for funksjonsvanskar, erfart at balansgangen mellom å gje rett og tilpassa hjelp, og retten den enkelte har til å bestemme over sitt eige liv, kan vere vanskeleg. Ofte kan ein høyre argument som omhandlar at han eller ho har fått tilbod av ulike slag, men ville ikkje ta i mot. Dette blir akseptert, og slik kan eit einsidig syn på brukarens rett til å bestemme sjølv, føre til at han eller ho får eit dårlegare hjelpetilbod og ikkje får nytte seg av eigne ressursar. Teorien peikar også på dette. Tuntland (2006: 50) viser til at menneske med nedsett funksjonsevne ikkje får utnytta sitt fulle potensial, ved at ein under dekke av brukerstyring ikkje vert stilt krav til. Dette kan også føre til at ferdigheitene vert dårlegare.

I ei av mine praksisperiodar skulle eg utarbeide eit tiltak for ein person, der målet var å gje han eit betre arbeidstilbod. For å oppnå dette, brukte eg tid på å bli kjent og bygge ein relasjon. Tema i denne oppgåva er valgt på bakgrunn av dei erfaringar og refleksjonar eg har gjort meg kring denne og liknande erfaringar, i tillegg til teori om dette temaet.

For det første gjorde det eit sterkt inntrykk på meg å erfare korleis denne personen på mange måtar fekk eit nytt liv gjennom å få tilrettelagt informasjon som gjorde han i stand til å ta val ut ifrå eigne føresetnader. Frå å leve eit svært isolert liv utan å nytte seg av det arbeidstilbodet han hadde, til å vere i full jobb med alle dei positive ringverknadane dette har hatt for han. Denne erfaringa var svært positiv og ga meg motivasjon til å finne ut meir om korleis måten vi kommuniserer på kan bidra til at desse borgarane får meir makt og innflytelse over eige liv. På same tid ga det meg mange tankar om den makta vi har som profesjonelle hjelparar gjennom vår rolle og vår kunnskap, og kor avgjerande det er at vi nyttar denne på rett måte. Det dukka også opp spørsmål om det ikkje er etisk uforsvarleg av fagpersonell å la personar med funksjonshemming leve i isolasjon utan muligheit til å nytte sin eigne ressursar?

Ei aukande vektlegging av retten den einskilde har til medbestemmelse, stiller store krav til oss som yrkesutøvarar. Myndiggjeringsperspektivet er sentralt og skal vere førande for utvikling av tiltak. I Samhandlingsreformen vert det peika på at individets rett til medbestemmelse og medverknad er eit vesentleg element i integritetskravet i samband med

helse- og omsorgstenestene (St.mld.nr. 47 2008-2009:51). Fokus skal først og fremst vere på ressursar hjå den enkelte og ikkje på problema. Borgarane sine eigne teoriar om endring vektleggast og perspektivet har fokus på at det er dei sjølve som er ekspertar på sine liv. I St.meld.nr.40 (2002-2003) vert det vist til NOU 2001:22 Fra bruker til borger: *Personer med nedsatt funksjonsevne er, og skal ha mulighet til å oppleve seg som, fullverdige borgere i det norske samfunn.*

Retten den einskilde har til medbestemmelse, krev ei omdefinering av roller både hjå hjelparane og dei vi er sett til å hjelpe. Overføring av makt til borgarane fører til ei omdefinering av dei profesjonelle si makt. Myndeggjeringperspektivet vil også stille andre krav til borgarane der dei skal kunne ta meir ansvar og makt sjølve. For å kunne utføre yrket vårt på ein fagleg, juridisk og etisk forsvarleg måte, må vi vere istand til å møte borgaren der han eller ho er, og ta utgangspunkt i dei ressursar personen har. Dette inneber krav til kommunikative og relasjonelle ferdigheiter. Erfaringar frå yrkesliv og praksis, har vist meg kor mykje som kan oppnåast gjennom å vere sensitiv for ynskje og behov hjå den som treng hjelp, og også motsett. Dei mest velmeinte tiltak nyttar ikkje dersom ein ikkje først har ei felles forståing for problemstilling og mål.

Mitt formål med oppgåva er å rette merksemda mot dei utfordringar vi som hjelparar står overfor i høve til makt og myndiggjering i hjelpande kommunikasjon. Oppgåva er retta mot tenesteytarar som i sitt daglege yrke samhandlar med personar med ulike funksjonsvanskar. Teori og drøfting kan bidra til å belyse nokre av dei områda som kan vere med å påverke slik samhandling, og såleis vere med å heve eigen og andre sin kompetanse med tanke på myndeggjerande kommunikasjon. Oppgåva er skriven ut frå eit personleg engasjement og ynskje om å utvikle eigen kompetanse på dette området.

Vernepleiaren arbeider med menneske som har behov for hjelp og støtte til å møte dei utfordringar dei opplever i sin kvardag. Brukarperspektivet står sentralt:

Vernepleierstudenten skal lære seg å handle på bakgrunn av innlevelse, forståelse og solidaritet. Vernepleierstudenten skal ha et reflektert forhold til begrepene makt og hjelp og vise respekt for brukerens egen kunnskap..dette betyr at vernepleierstudenten må bli kjent med egne holdninger og hvordan disse holdningene står i forhold til brukerens behov (Temaplan A, 2008:6)

I Røkenes og Hanssen (2007) kan ein lese at fleire undersøkingar viser at det å oppleve muligheit for sjølvbestemmelse og kontroll er viktig for livskvalitet og helse. Forfattarane viser også til undersøkingar frå psykoterapifeltet, som syner at dei viktigaste faktorane for eit positivt resultat, er fagpersonens evne til innlevelse og empati.

Eg meiner tema i denne oppgåva er relevant for vernepleiaren og andre hjelpeprofesjonar fordi vi skal kunne legge til rette for at personane skal få mest mogleg innflytelse på eige liv. For å oppnå dette må vi ha forståingar for både funksjonshemmingsomgrepet, sosiale prosessar og samfunnsorganisering.

1.3 Avgrensing og presisering av problemstilling

Funksjonshemmingsomgrepet inneber ulike former for vanskar og begrensingar personar kan oppleve i kvardagen. I oppgåva vil eg ikkje avgrense i høve til diagnose, men fokusere på det som vil vere gjeldande i all form for hjelpearbeid; relasjonen mellom brukar og hjelpar, og vår oppgåve og plikt til å sette personar i stand til å få mest mogleg styring over eige liv. I denne relasjonen vil dei kommunikative utfordringane variere ut frå ulike diagnoser. Vår evne til å vere sensitiv for verbale og nonverbale signal vil vere avgjerande.

På basis av teorigjennomgang og fagetikk skal eg drøfte ut frå hovudproblemstillinga mi som vist til i kap.1.1. For å svare på denne vil eg nytte desse underspørsmåla:

1. Kva betyr relasjonen for funksjonshemming?
2. Korleis er myndiggjering mogleg?
3. Kva betyr anerkjenning for myndiggjering

1.4 Oppbygging av oppgåva

1.4.1 Avklaring av omgrep

I oppgåva vil eg nytte omgrepet *borgar* eller *person* framfor betegnelsen brukar. Bollingmo m.fl. (2008:29) viser til at brukaromgrepet framhevar ein ulikevektig, komplementær relasjon, der den eine er hjelpetrengande og den andre er hjelpar. Å vere brukar er berre ei av mange roller ein kan ha som menneske. (Markussen 2003:182) seier at å vere (stats)borgar inneber å ha juridiske, politiske og sosiale rettar. Dette omgrepet vart tatt i bruk i samband med funksjonshemming i NOU (2001:22) Fra bruker til borger.

Eg har valgt å nytte omgrepet *hjelpar* framfor fagperson eller vernepleiar. Her kunne eg også valgt å bruke *partnar*, som gjerne vert nytta i samband med myndiggjering (Askheim 2007:18).

Relasjon kjem frå det latinske ordet "relatio", som viser at ein gjenstand står i samanheng med ein annan (Eide og Eide 2010:17). I oppgåva mi vil relasjon omhandle forhold mellom hjelpar og brukar.

Dialogen har fokus på det som skjer mellom menneske, og korleis ein kan gjere det mogleg for den andre å kome med si stemme (Lorentzen 2011:93).

Eg nyttar omgrepet *bevegelse* i staden for endring eller utvikling. Linde og Nordlund (2006:26) seier at eikvar endring kan sjåast som ein prosess eller bevegelse frå eit punkt til eit anna, og at i prosessorientert arbeid er ikkje alle ledd i prosessen definert på førehand. "Veien blir til mens man går", ikkje utan mål og meining, men meir at til dømes kommunikasjonen utviklar seg i rett retning.

1.4.2 Førforståing

Førforståing som omgrep vart introdusert av Gadamer, og inneber dei føresetnader vi bringer med oss som avgjer om vi finn meining i ei tekst eller eller ei handling. Gadamer meinte at vi aldri vil kunne møte verda utan eit sett "briller" som hjelper oss til å finne meining i det vi står overfor (Aadland 2010:184).

Mi førforståing vil bere preg av mine grunnleggjande antakingar og mitt menneskesyn.

Dette er sider av meg som eg er meir eller mindre bevisst, men det er med å påverke både mine møte med borgarane, andre hjelparar og mi fortolking av desse møta. Det same vil gjelde det eg les. Teoriar eg vel meg ut eller utelet er eit resultat av slike antakingar.

Dalland (2007) viser til at gjennom å bruke våre sansar, gjere desse om til data, for deretter å tolke dei, vert data gitt meining. Kven eg er, og kva føresetnader eg har, er avgjerande for kva data eg får (Dalland 2007:181).

Mi førforståing er at kommunikasjon basert på likeverd og respekt, er avgjerande for å oppnå bevegelse og myndiggjering hjå dei vi skal hjelpe. I FOs yrkesetiske grunnlagsdokument (2002) kan vi lese at vi som hjelparar ofte har muligheit til å avgjere spørsmål med store konsekvensar for livet til dei vi skal hjelpe. Fagleg kunnskap kan også føre med seg asymmetri i relasjonen, og autoritet, myndigheit og makt som gjer at den hjelpetrengande er i eit avhengigheitsforhold til yrkesutøveren.

1.4.3 Teoretisk og fagleg plattform

Eg ynskjer å ha ei dialogisk, eller hermeneutisk tilnærming til borgarane, for slik å møte heile mennesket. Som utgangspunkt for mitt samarbeid med den enkelte borgar, vil eg vere opptatt av å møte det her og no, og at kvart enkelt individ er unikt med sine ressursar og moglegheiter til å påverke og bli påverka i relasjon med andre.

Gjennom anerkjennande kommunikasjon ynskjer eg å oppnå bevegelse og vise at trygge og gode relasjonar er utgangspunktet for alt hjelpearbeid, og slik påverke tankegangen om funksjonshemma som objekt for våre handlingar.

Med ei slik haldning, antek eg at vi som hjelparar kan gje rom for den enkelte til å nytte eigen kunnskap for å kunne ta meir styring over eige liv.

2. Metode

Dalland (2007:81) viser til Aubert (1985) si formulering om kva metode er: *En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder.*

2.1 Litteraturstudie som metode

Eg har valgt litteraturstudie som metode for å belyse og drøfte problemstillingane i oppgåva. Bacheloroppgåva har såleis eit teoretisk perspektiv basert på faglitteratur og offentlege dokument. Litteraturstudie vil seie ein systematisk gjennomgang av litteratur kring ei valgt problemstilling. Dalland (2007) viser til at det difor er viktig å vere kritisk ved val av kjelder. Eg måtte hatt meir tid for å kunne gå gjennom all teori om emnet på ein kritisk måte. Likevel har eg prøvd å komme fram til ei samanfating ut frå den litteratur eg har lest.

Metoden eg har valgt, meiner eg kan belyse problemstillinga frå ulike innfallsvinklar og dei perspektiva eg har valgt. Oppgåva har ein induktiv innfallsvinkel. Induktiv forskning er open og eksplorerande og har som mål å oppdage noko nytt, i kontrast til deduktiv, eller "hypotesetestande" forskning, som dreier seg om å stadfeste det som er "godteke" som fakta eller teoriar (Kristjansen og Borg m.fl.2009).

I oppgåva nyttar eg meg av ei hermeneutisk metode. Hermeneutikken handlar om, i følge Dalland (2007:54), å fortolke meiningsfulle fenomen og å beskrive vilkåra for at forståing av meining skal vere mogleg. Aadland (2010:190) viser til at den hermeneutisk inspirerte forskar prøver å leve seg inn i den subjektive opplevinga til andre menneske for å gjengi ei sak "innanfrå".

2.2 Presentasjon av litteratur

For å finne relevant teori har eg vurdert pensumlitteratur og valt ut frå denne, i samråd med rettleiar. I tillegg har eg fått tips til sjølvvalgt litteratur av rettleiar og andre fagfolk. Når det gjeld empowerment, står Askheim (2007) sentralt, og det var difor naturleg å nytte pensumlitteratur av han som utgangspunkt. Hans analyse og drøfting av normalisering og empowerment, var viktig å forstå med tanke på utfordringar dette representerer for oss som hjelpearar. I tillegg fekk eg tips om Ekeland og Heggen (2007) som også er fagfolk som har skrive ein del om motsetnader i samband med omgrepet myndiggjering og føresetnader for relasjonen mellom borgar og hjelpar.

Kommunikasjon og relasjon er eit stort område, og eg brukte tid for å kunne velge ut litteratur her. Etter som eg kom inn i tema, gjekk det opp for meg at anerkjenning var vesentleg i samheng med problemstillinga mi. Rettleiar ga meg tips om Schibbye (2009), som har ein del litteratur om dette. Schibbye er vist til i fleire av dei bøkene eg har gått gjennom som omhandlar kommunikasjon og relasjon. Hennar fokus på anerkjenning og intersubjektive prosessar, ga meg inspirasjon og forståing for korleis dette har samheng med problemstillinga mi. Forfattaren har fokus på Hegels dialektiske perspektiv, og dette bidrog til å sette meg på eit spor vidare og påverka også vidare val av litteratur.

Det vil også vere mange område eg ikkje får belyst i oppgåva mi, som ville vere relevant å ta med. Det har vore ei utfordring å velge ut frå litteraturen, då eg heile tida ser ting som eg kunne tatt med for å gjere oppgåva betre. Likevel har eg måtta gjort nokre val som, trass i dette, har belyst problemstillinga på ein måte som har gitt meg meirkunnskap og kan bidra til betre føresetnader i mitt yrke som vernepleiar.

Noko av litteraturen er sekundærkjelder der forfattaren av boka har brukt denne for å belyse eit tema. Då står forfattar av boka i parantes under. For å prøve å sette meg inn i dei ulike perspektiv forfatarane har brukt, har eg blant anna nytta Dalland (2010).

2.3 Kjeldekritikk

Kva eg skal studere, kva spørsmål eg vil stille, og kva reglar eg vil halde meg til i tolkning av oppgåva, er bestemt ut frå kva sider eg belyser spørsmåla frå. Eg har lagt vekt på validitet, ved at litteraturen har relevans og gyldigheit i høve til oppgåva og problemstillinga. I tillegg er reliabilitet forsøkt ivaretatt ved at eg har freista å vere nøyaktig og påliteleg i måten eg har gått fram på. Eg har nytta litteratur som er forskningsbasert og/eller der forfattarane er anerkjende fagpersonar. Det meste av litteraturen er frå 2006 og nyare, og kan såleis reknast som valid. Når eg studerer desse teoriane, har eg valgt ei hermeneutisk, kvalitativ tilnærming. Aadland (2007:82) beskriv kvalitativ metode som ei metode som tek sikte på å fange opp meining og oppleving som ikkje let seg talfeste eller måle. Eg har hatt fokus på ei subjekt-subjekt tilnærming med ønske om å sjå mennesket som ein heilskap i samspel med andre. Eg har freista å tolke teoriane etter den hermeneutiske spiral, ved at eg har veksla mellom å sjå heilskap samtidig som eg studerer dei einskilde delar for så å sette desse saman til eit større heile. Dalland (2007) skriv om den hermeneutiske spiral: *Det finnes ikke noe bestemt utgangspunkt eller sluttpunkt for tolkningsakten. Helhet og del, subjekt og objekt, forskerens førforståelse, pendlingen mellom ulike perspektiver, alt dette utgjør også en helhet som lever og utvikles* (Dalland 2007:56).

3. Teori

Her vil eg presentere teori om funksjonshemming, makt og myndiggjering. Vidare vil eg presentere teori om hjelpande kommunikasjon og relasjon, og korleis dette kan bidra til myndiggjering. Ulike teoriar kan fortelje noko om dei same tinga, og eg vil freiste å få fram likskap og eventuell ulikskap og sjå kor nyttige eller relevante dei er i kvardagen.

3.1 Teoretiske perspektiv

Teoriar har ein funksjon i høve til både merksemd og utvelging, ved at den leier vår merksemd *bort* frå noko så vel som *til* noko (Schibbye 2009:23).

Aadland (2010:21), viser til at helse- og sosialarbeidarars praksis har sitt utspring i teori, forståing og erfaring som er sterkt farga av vitskapens palett. Ulike vitskapsteoriar og praksishandlingar kviler såleis på grunnleggjande antakingar om mennesket, kunnskapen og verkelegheita.

I denne oppgåva vil eg legge eit dialogisk, interaksjonistisk perspektiv til grunn. Brodtkorb m.fl. (2006) viser til Mead 1934; Repstad (1997) som seier om symbolsk interaksjonisme at den er relasjonell ved at menneska saman, relasjonelt, gjennom symboler skaper meining. Symbolsk interaksjonisme er ei sentral retning i sosiologien som er opptatt av meininga bak handlingane. Slik meining vert skapt gjennom sosiale relasjonar eller i sosial interaksjon mellom menneske.

Dialogen er kjenneteikna ved at partane som deltek, uttrykkjer og deltek eller er til stades i kvarandre sine psykologiske tilstandar. Slik deling av psykologiske tilstandar frå kvar sin separate posisjon, vert kalla intersubjektivitet (Røkenes og Hanssen 2007:45).

3.2 Funksjonshemming

Det finns ulike definisjonar av funksjonshemming, avhengig av kven som definerer, kva som vert lagt vekt på, og kva formål definisjonen har (Markussen 2003:11). Forfattaren viser også til at det er vanskeleg, om ikkje umulig å utforme ein allmenngyldig definisjon.

Omgrepet funksjonshemming vart introdusert i offentlege dokument gjennom St.meld.nr 88 (1966-67) om utviklinga av omsorgen for funksjonshemma. Funksjonshemming har tradisjonelt blitt sett på som ein eigenskap ved individet på grunn av sjukdom, lyte eller

biologiske avvik, og slik vore knytta til ei medisinsk forståing. Denne biologisk-medisinske forståinga er framleis utbreidd (St.meld.nr 40 2002-2003).

Dei siste 20 åra har forståinga eller definisjonen av funksjonshemming i norske offentlege dokument, vore bygd på ei relasjonell forståing, sett i eit systemisk perspektiv, ved at mennesket blir forstått som delsystem i lag med andre delsystem som saman produserer noko meir i eit større system. Slik kan sjukdom og problem berre sjåast som symptom i heile system av samspelande faktorar innbefatta den materielle omverda (Aadland 2010:232ff). I St.meld. nr.8 (1998-2001) vert funksjonshemming vist til som: *...eit mishøve mellom individet sine førestnader og krav frå miljøet og samfunnet si side til funksjon på område som er vesentleg for å etablere og halde ved lag eit sjølvstendig og sosialt tilvære.* Vernepleiestudiet er bygd på denne forståinga (Fagplan for bachelor i vernepleie 2009).

I ei slik relasjonell forståing vil dette også omhandle faktorar som bygningsmessige og andre fysiske hindringar. I oppgåva vil eg ha fokus på ei relasjonell forståinga av funksjonshemming i betydning av korleis kommunikasjon og samspel i og med omgjevnadane, påverkar den funksjonshemma sin identitet og sjølvoppfatning, og her har symbolsk interaksjonisme sitt bidrag.

Symbolsk interaksjonisme har som eit viktig poeng at sjukdomsutvikling eller sosiale problem også er eit resultat av personens reaksjon på tilbakemeldingar frå omgjevnadane. Ved å verte betrakta som sjuk av omgjevnadane, vil ein lett kunne overta eit slikt syn, og dermed handle ut frå forventningar frå omgjevnadane (Brodtkorb.m.fl.2006). Forfattarane viser til Goffman (1963) som bruker *stigma* for å forstå sosiale reaksjonar på sjukdom. Stigmatisering kan etter hans meining få store konsekvensar for sjølvoppfatning og for deltaking i det sosiale liv.

Funksjonshemmingsomgrepet vert ut frå interaksjonistisk tenkning, konstruert ut frå samfunnsmessige rolleforventningar til personar med ulike funksjonsvankar, og vert heldt ved like av eit profesjonelt avhengigheitsskapande maktapparat (Askheim 2007:123).

3.3 Makt

Maktomgrepet vert definert på ulike måtar. Ekeland og Heggen (2007:85), viser til Augestad (2005), og Foucault si forståing av makt: Makt er ikkje noko ein har, men ein relasjon, og makt og kunnskap er tett bundne saman: dei er føresetnadar for kvarandre. Forfattarane peikar også på at kunnskap i dag er kanskje det viktigaste grunnlaget for maktrelasjonar. Brodkorb m.fl. (2006:91) viser til at ut frå Foucault sin definisjon er makt også meir flytande og inngår i ulike mellommenneskelege relasjonar og prosesser over tid og påverkar det som skjer mellom partane. Slik er makt overalt og dynamisk i sin karakter.

I Makt og demokratiutredningen (NOU 2003), vert det vist til tre forskjellige former for makt; politisk, økonomisk og ideologisk makt. Den ideologiske makta vert vist til som makt over tankar, verdiar, kjensler og sjølvoppfatning. I vid forstand ligg denne makta for det første i dei omgrep og kategoriar som gir mening til verda kring oss. Profesjonar og intellektuelle, vitskap og litteratur, politiske rørsler og organisasjonar kan vere kjelder til slike meiningsgivande kategoriar, og vert danna gjennom språket. Slik er også språk makt og difor dominerande for kva interesser og synspunkt som har overtaket. Den ideologiske makta ligg også i normer og forestillingar. På same tid som normer kan gje styrke og samhald, kan dei også uttrykkje overtak og underordning. Dominerande forestillingar om normalitet og avvik er ei sterk form for normativ makt som heile tida er i endring (NOU 2003).

Hutchinson (2010), viser til at avmakt vert gjenkjent i det enkelte menneske som ei kjensle av oppgittheit. Forfattaren viser til Freire (1999) som beskriv fleire strategiar beteikna som "antidialog", for å halde folk nede, der den eine omtala som "erobring", handlar om at erobraren tvinger sine mål og si problemforståing på den andre. Ein annan strategi, eller antidialogisk handling er "manipulering" for å erobre eller halde på makta.

Empowermentperspektivet endrar ikkje det asymmetriske maktforhaldet mellom hjelpar og den som treng hjelp, sjølv om det gir føringar i retning av meir likeverdige posisjonar. Endringen av rolla frå ekspert til partner må ikkje tilsløre den ujevne maktbalansen som ligg i sjølve relasjonen mellom den hjelpetrengande og hjelpar (Askheim 2007).

Oppleving av styring og kontroll av andre menneske kan føre til oppleving av avmakt. Mathisen (1982) beskriv avmakt som det å vere i ein situasjon der ein ikkje ser nokon utveg eller mulighet til å endre sin situasjon eller til å motsette seg andres viljesutøvelse overfor seg sjølv. Slik avmakt er sterkast når ein er i ein avhengigheitssituasjon og overlatt til avgjerslene til den mektige Brodtkorb.m.fl.(2006).

Turner (1987), viser til kunnskap som eit viktig grunnlag for makt, og dermed profesjonsmakt. Ei kraftig auking av profesjonane innan helse- og sosialsektoren med sin ekspertkunnskap og kunnskapsmonopol, har gitt profesjonane stor makt når det gjeld å forvalte viktige normer og verdier i samfunnet. Dette gjeld også å bestemme kva som er normalt og unormalt, sunt eller usunt, rett eller gale (Brodtkorb m.fl.2006).

3.4 Myndiggjering

Askheim (2007: 124) viser til at myndiggjering er ein av fleire oversettingar av det engelske ordet ”Empowerment”, og at det omhandlar overføring av makt. Makt må verte gitt eller tatt tilbake av dei avmechtige. Opprinnelsen til omgrepet vert ofte knytta til den amerikanske borgarrettrørsla, men viktige inspirasjonskjelder har også vore kvinnerørsla, frigjeringsrørsler i den 3.verda, og ulike former for sjølvhjelpsorganisering.

Ekeland og Heggen (2010:90) viser til Paolo Freire som er grunnleggjar av dialogpedagogikken, og ei stor inspirasjonskjelde for personar som er opptatt av myndiggjering. Han gjorde ein stor innsats for fattige landarbeidarar i heimlandet Brasil, ved å leie fleire store alfabetiseringsprosjekt. Dette fordi han såg at for å skape sosial og økonomisk utvikling, var analfabetismen den største utfordringa. Slik Freire forstår undertrykking er den eit resultat av at dei undertrykte ser på seg sjølve som objekt, påverka og styrde av omgjevningane, og ikkje som subjekt som handlar og påverkar verda. Slik opplever dei seg makteslause og framandgjorde frå deltaking i konstruksjon av sin eigen sosiale realitet. Alt ekte samarbeid er basert på dialog sa Freire, og dialogen skulle ha til føremål å utvikle landarbeidarane si evne til å tenkje sjølvstendig, styrke sjølvtiliten og utvikle den frigjerande handlingskompetansen deira. Språk og utdanning var naudsynt for å få til dette, men sjølvve endringa må kome frå dei undertrykte sjølvve.

Empowerment vert i dag, i følge Askheim (2007), brukt i samband med ulike grupperingar som befinn seg i ein avmechtig posisjon, og vert i aukande grad brukt av grupper som brukarar av tenester, og som krev sin rett til å kunne ha kontroll over sine teneste- eller hjelpetilbod, men også eigen livssituasjon generelt. I den internasjonale faglitteraturen vert empowerment framstilt som eit grunnleggande omgrep i dagens politikk retta mot grupper med behov for bistand frå tenesteapparatet. Det vert vidare vist til at det til grunn for ei slik tilnærming først og fremst ligg eit syn på mennesket som eit subjekt som har evne til å delta i beslutningar og handlingar som gjeld eige liv, og som sjølv veit kva som er bra, nyttig og viktig. Den enkelte er den fremste eksperten på sitt eige liv, og har evne og kompetanse til vite kva som er best for seg sjølv Askheim (2007).

Ekeland og Heggen (2010), peikar på at myndiggjering i tillegg til å omhandle å setje det enkelte individ i betre stand til å ta ansvar for seg sjølv og sin situasjon, også dreiar seg om miljøet kan stimulerast til å utvikle myndiggjerande kommunikasjonsmønster og samversformer. Forfattarane peikar på tillit som eit viktig stikkord i denne samanheng, fordi *..det myndiggjorte menneske kan vere myndiggjort berre i eit myndiggjort miljø, og ein viktig føresetnad for det er at kvar einskild har tiltru til at dei andre handlar på ein predikerbar måte og i samsvar med det som er miljøets normer og verdiar* (Ekeland og Heggen 2010:99). Forfattarane peikar på at myndiggjering også inneber å sjølv kunne velje når ein vil vere myndiggjort og eventuelt i kor stor grad, og at vi som hjelparar må ta omsyn til dette.

Eide og Eide (2010:19) seier at empowerment er ei haldning som kjem til uttrykk gjennom praktisk kommunikasjon og ved å involvere pasienten i beslutningar, og er begrunna i etiske verdiar som respekt, autonomi, likeverd og hensynet til pasientens beste.

3.5 Kommunikasjon

Omgrepet kommunikasjon kjem av det latinske ordet *communicare*, som tyder å gjere noko felles, gjere ein annan delaktig i, ha samband med. Kommunikasjon kan i si enklaste form definerast som utveksling av meiningsfylte teikn mellom to eller fleire partar (Eide

og Eide 2010:17). Forfattarane viser vidare til at slike teikn eller signal, anten dei er verbale eller nonverbale, er samansette og må fortolkast. Fortolkning av ord, som sjeldan er eintydige, gjer at møtet med den andre kan opplevast på svært ulike måtar. Ei instrumentell forståing av omgrepet, som er målretta og resultatorientert, vil innebere å formidle noko til ein annan ved hjelp av språk og nonverbale signal av ulike slag.

Profesjonell kommunikasjon er iflg. Eide og Eide (2010) ikkje heilt det same som kommunikasjon i dagleglivet. I jobben kommuniserer vi ikkje som privatpersonar, men som yrkesutøvarar – som helsepersonell. Hjelpande kommunikasjon er pasientretta og er ein førestnad for empowerment. Praktiske ferdigheiter i denne samanheng er å takle konkrete kommunikasjonsferdigheiter på hensiktsmessige måtar, det vil seie hjelpande, støttande og problemløysande *Hjelpande kommunikasjon er anerkjennende, skaper trygghet og tillit, og formidler informasjon på måter som bidrar til å løse problemer og stimulere til at pasienter og pårørende mestrer situasjonen så godt som mulig* (Eide og Eide 2010:18ff).

Om anerkjening skriv Schibbye (2009), at dette filosofiske omgrepet opprinneleg er Hegels, og er heilt sentralt i dialektisk teori. Dialektikken inneber eit alternativ til eit positivistisk vitenskapssyn, og fokuserer på det tosidige eller mangesidige i relasjonar. Det er ein dialektikk mellom indre prosessar i sjølv og prosessar i sjølv i samspel med andre. Schibbye viser til eksistenfilosofen Buber som peika på at "Mennesket blir et Jeg ved et Du". Dette inneber i følge forfattaren, eit menneskesyn som bygger på ein anerkjennande relasjon. I omgrepet anerkjening ligg ideen om å gjenkjenne, skjelne, bekrefte og styrke, og at det også tyder å sjå noko om igjen. Det inneber ein umiddelbar tilstedeværelse og tilgjenge der og då, samt ei kontinuerlig avgrensing av eige sjølv. Sjølvavgrensing vil seie å kunne skilje mellom egne opplevingar og andres. Anerkjening vert vist til som ei haldning og ein prosess. Forfattaren viser vidare til at anerkjening bringer fram noko i den andre. Slik forfattaren bruker omgrepet, inneber det fokus på den andres opplevingsverd og at denne vert verdsett som ei sjølvfølge fordi det dreiar seg om eit medmenneske. Evne til å ta den andres perspektiv og sette seg inn i den andres subjektive oppleving er vesentleg, altså ei subjekt-subjekt-haldning. Individets bevisstheit vert til via ein annans bevisstheit. Slik inneber anerkjening å "fange opp den andres bevissthet" og gi den tilbake som "anerkjent av min bevissthet".

Forfatternen peikar på ingredienser i anerkjenning: Lytting, forståelse, aksept, toleranse og bekrefting. I terapeutisk lytting høyrer vi meir enn den verbale budskapen, som mimikk, kroppsspråk og stemmeleie. Vi lyttar bak orda, og det er viktig å vere open og bevisst eigne sjølvprosessar. Schibbye viser til affektiv inntoning som viktig for å dele intersubjektivitet, eller kjenslemessig fellesskap. Affektiv inntoning inneber ein prosess som viser korleis vi kjem innfor kvarandre si opplevingsverd, ved å "stemme seg inn på" den andres affektive, eller kjenslemessige bølgelengde. Slik kan inntoning danne bru mellom to personars indre verden.

Forståelse forklarar Schibbye i denne samanheng som ein indre, ikkje ytre forståelse. Dette føreset ei undrande haldning frå hjelparen som bidreg til at personen kan få si opplevingsverd utanfor seg sjølv i hjelparen si forståing. Gjennom speiling kan personen få auge på seg sjølv utanfor og verte meir reflektert. Speiling inneber, i følge Røkenes og Hanssen (2007), å gjenkjenne kjensler i andre og ta det tilbake til seg sjølv. Slik kan personen utvikle det som i psykologien vert kalla *A Theory of Mind*. Det vil seie å danne seg forestillingar om den andres tankar og kjensler (Røkenes og Hanssen 2007:127).

Schibbye (2009) viser vidare til aksept og toleranse som inneber å akseptere den andres rett til si kjensle, å tole den og la den vere. Ein slik aksept gjer det mogleg for personen å styrke sin eigen sjølvaktelse. Forfatternen viser også til bekreftelse og at dette ikkje inneber å godta opplevinga i den forstand at eg som hjelpar er einig i den. Schibbye peikar på at bekreftelse ligg i den måten vi lyttar på, ved å signalisere gjennom vår totale veremåte at personens oppleving er den viktige, utan å dømme hans måte å sjå verda på.

Honneth (2008) seier at anerkjenning er tufta på gjensidigheit og fråver av makt. Honneth seier vidare at fordi alle har behov for anerkjenning, men ikkje alltid får det, har mennesket ein moralsk rett til å kjempe for dette. Dette betyr ikkje at alle har rett til å bli anerkjent for sine haldningar, verdiar og handlingar, men at majoriteten må bli betre på å finne positive aspekt hjå minoriteten. Anerkjenning er eit gjensidig fenomen, det er verdiløst å få anerkjenning frå nokon ein ikkje anerkjenner sjølv. Anerkjenning krev anerkjenning. Utan denne oppstår ulike former for krenkelse. Honneth viser til tre basale former for anerkjenning; kjærleik, respekt og ytelse. *Kjærleik* er fundamentalt for alle menneske for å kunne utvikle kjenslemessig sjølvtilit. Dette er ein førestenad for å kunne uttrykkje våre rettar og haldningar, meiner Honneth. *Respekt* meiner han handlar om å behandle

kvarandre som likeverdige, i tillegg til at alle borgarar har same rettar og mulighet til påverknad. *Ytelse* meiner Honneth, er den kanskje mest uklare form for anerkjenning, men peikar på at det omhandlar den anerkjenning ein får for sitt bidrag til å oppnå samfunnets overordna målsettingar. For å skilje mellom å erkjenne den andre i basal forstand, og det å anerkjenne den andre, analyserer Honneth omgrepet usynlighet, forstått som det som skjer når ein er fysisk observert, men er sosialt usynleg, altså neglisjert eller oversett. Honneth meiner at det er vesentleg i høve til verdsetting av eige sjølv, at ein får lov å erfare at eigne prestasjoner og ferdigheiter er verdfulle for samfunnet.

Om det dialogiske perspektivet seier Lorentzen (2011), at dette har fokus på det som skjer mellom menneske, og korleis ein kan gjere det mogleg for den andre å kome med si stemme og kunne svare. Forfattaren viser til Øvreeide (2009); det etisk gode er retta mot å ivareta ein gjensidig dialogisk prosess. Dersom ein person manglar grunnleggande dialogferdigheiter, er det relasjonen som vert inngått som har som oppgåve å kompensere for desse manglane. Slik kan dei manglande ferdigheitene på dette området gjerast minst mogleg merkbare i kvardagslivet for den det gjeld (Lorentzen 2011:93).

3.6 Relasjon

Ekeland og Heggen (2007) viser til at relasjon omhandlar korleis forholdet mellom hjelpar og brukar vert oppfatta og fortolka. Forfattarane viser til at dersom det er for stor avstand mellom korleis hjelpar og brukar oppfattar problemet, vert det hjelparen si oppgåve å redusere denne skilnaden. Gjennom, meirkunnskap og evne til teoretisk og analytisk refleksjon kan endring oppstå ved at det som er *ulikt* i relasjonen, og som er grunnlaget for at noko nytt skal oppstå, verte generert.

Løgstrup (1956) seier at einkvar relasjon er ein maktrelasjon. Dette inneber ei etisk fordring til den enkelte, då vi ikkje kan forhalde oss personleg til andre utan å utlevere oss, sette noko av oss sjølv på spel. Dette har i følge Løgstrup sine røter i ein naturleg tillit og ei forventning om å bli tatt i mot, forstått og akseptert. Han understrekar også at det å vere ettergivande i møtet med den andre er å unndra seg den etiske fordring som relasjonen inneber (Eide og Eide 2010).

Om relasjon seier Røkenes og Hansen (2007), at før det vi seier og gjer får betydning for den som søker hjelp, må vi først bygge opp kontakt, tillit og tilknytning, og at relasjonen er viktigare enn det som vert sagt og gjort. I ein trygg relasjon kan fagpersonens eventuelle kritiske kommentarar til brukarens åtferd verte tatt i mot og vurdert som omtanke og hjelp. I motsatt fall, kan kommentaren vert oppfatta som sarkasme og avvisning. Gjennom å oppleve tillit til og respekt for hjelparen ved at denne gjev tid, rom og plass, kan brukaren åpne seg og la seg påverke, og slik kan ei positiv endring, eller bevegelse, skje.

Ekeland og Heggen (2007), viser til at *empati* byggjer på gjenkjenning- den spontane og emosjonelle gjenkjenninga av den andre som medmenneske. Empati er kommunikasjon om relasjon, og gjenkjenning er samstundes anerkjenning. Grunnlaget for dette er likskap; du er eit menneske eg kjenner meg igjen i, difor har vi noko som er felles, og ved å erkjenne dette anerkjenner eg deg. Vatne (2006:) seier at empati føreset at ein tonar ned ekspertmakta, som kan ligge i omsorgsrolla, som til dømes å definere, gje tilbod om tenester og realitetsorientere personen.

I følge Mead (1934) og symbolsk interaksjonisme er språklege symbol bindemiddel mellom menneske, og gjennom sosialisering får vi innsyn i dei rollene som finns i samfunnet, og forventningar til desse. I tillegg får vi eit språk knytta til utøvinga av dei ulike rollene. Rollene vert innfallsporren til oss sjølve og andre. Vi er oss sjølve gjennom forventningar frå andre og fordi deira forventningar har blitt ein del av oss sjølve. Deltaking i det sosiale fellesskapet er, i følge Mead, ein føresetnad for å vere eit individ. Om sjølvet seier han at vår identitet, personlegdom, individualitet vert utvikla gjennom kommunikasjon, språkleg symbolutveksling i samhandlingsprosessar med andre (Solheim og Øvrelid 2001).

Stern (1985) er særleg opptatt av sjølvfornemmelse, som etter hans meining er vesentleg i det sosiale samspelet med andre; fornemning av å kunne handle, av fysisk samanheng, av kontinuitet, av kjensler, av heilskap, av å skape ein struktur, av å overføre meining. Forfattarane peiker på tre aspekt ved Sterns teori for å utvikle ein god relasjon. Det første omhandlar det sosiale, behovet for andre. Dette konkretiserar han i behovet for "en selvregulerende annen" som inneber å bli møtt og forstått på ein måte som kan bidra til å stabilisere og regulere kjensler. Det andre aspektet går ut på at den andre gjennom å

fortelje, utforske og rekonstruere si eiga subjektive forteljing, kan endre sjølvoppfatning og sjølvkjensle. Det tredje og siste aspektet er affektiv avstemming eller inntoning, som vert peika på som ekstra viktig i møte med personar med kognitive svakheiter (Eide og Eide 2007).

4.0 Drøfting

Dalland (2007) viser til Bokmålsordboka (1986), som beskriv drøfting som *å diskutere og ta for seg noe fra forskjellige sider*. Forfattaren seier vidare at drøftinga består av fire faser; systematisering, analyse, vurdering og tolkning (Dalland 2007:120f).

Eg vil i drøftinga sjå på tre underspørsmål ut frå problemstillinga mi:

Korleis kan vi gjennom kommunikasjon, bidra til myndiggjering for menneske med funksjonshemming?

1. Kva betyr relasjonen for funksjonshemming?
2. Korleis er myndiggjering mogleg?
3. Kva betyr anerkjenning for myndiggjering?

4.1 Kva betyr relasjonen for funksjonshemming?

Relasjon dreier seg om forhold, kontakt, eller forbindelse mellom menneske. I denne oppgåva tenkjer eg først og fremst på relasjon mellom hjelpar og borgar. Betyr denne relasjonen noko for sjølvoppfatning, og eventuelt kva? I den teorien eg har presentert om kommunikasjon og relasjon, er relasjonen avgjerande viktig for identitet og sjølvoppfatning. Mead (1934) og interaksjonismen seier at identitet vert skapt i kommunikasjon og samhandling med andre. Identitet er såleis ikkje ein eigenskap, men meir korleis ein sjølv oppfattar seg (Solheim og Øvrelid 2001). Dette stemmer overeins

med Schibbye (2009) og Honneth (2008) som begge meiner at sjølvoppfatning og sjølvvaktelse vert danna ut frå ei gjensidig anerkjening.

Det å ha ei funksjonshemming vil kunne påverke sjølvoppfatninga. Den rolla den enkelte går inn i, vert ut frå teorien, bestemt ut frå samfunnsskapte oppfatningar og egne erfaringar. Ei rolle som funksjonhemma, vert gjerne assosiert med hjelpeløyse og avhengigheit. Goffman (1963) peiker på stigma som ein konsekvens av sosiale reksjonar på sjukdom, og meiner at dette får stor konsekvensar for sjølvoppfatning (Brodtkorb m.fl.2006). Slik kan borgaren gå inn i rolle der han ser på seg sjølv som lite verdsett. Sjølvoppfatning vert altså forma i samspel med andre. Ut frå dette vil relasjonen vere avgjerande for korleis borgaren oppfattar seg sjølv. Dei forventningar vi har til borgaren vil påverke dei forventningar borgaren har til seg sjølv. Hjelparens forståing og haldning til funksjonshemming vil ut frå dette, bety noko for vurdering og forventning til dei muligheiter borgaren har til makt og innflytelse i eige liv. Manglande anerkjening og respekt frå omjevnadane kan påverke sjølvkjensle og tru på egne føresetnader for å ta sjølvstendige val.

Kjelder til sjølvoppfatning omhandlar såleis eiga og andres vurdering av oss sjølve. I tillegg vil samfunnets normer og førestillingar bety noko i dene samanheng. I NOU (2003) vert det peika på ideologisk makt som makt over tankar, verdiar, kjensler og sjølvoppfatning. Dette samsvarar med Turner (1987) som også viser til den makt profesjonane har til å bestemme ut frå dette kva som er rett og gale, normalt og unormalt. (Brodtkorb m.fl.2006). Slik vil mine haldningar og forventningar til eiga og den andre rolle, kunne vere av avgjerande betydning for om borgaren opplever seg som kompetent og meistrande i forhold til omjevnadane

Relasjonen handlar om kommunikasjon. Måten kommunikasjonen utviklar seg på, vil såleis påverke denne relasjonen. Ved å nytte ei instrumentell form for kommunikasjon, som til dømes å stadig gje beskjedar, vil dette etter mi meining ikkje gje personen ei kjensle av likeverd. Kommunikasjonen kan slik verte låst, ved at borgaren ikkje får kome med sine innspel. Ved å derimot ha eit spørjande eller undrande utgangspunkt, kan eg åpne opp for den andre og gjere det mogleg å kome med innspel.

Personar med ulike former for kognitiv svikt kan ha vanskar som reduserer deira evne til til fri og sjølvstendig medbestemmelse. Dei kan fort verte utsett for ei form for instrumentell kommunikasjon, ved at beskjedar stadig vert gitt. Vi veit at det på den eine sida er viktig med struktur og forutsigbarheit for mange av desse personane. På den andre side kan desse rutinene bidra til at ein gløymer å lytte til den enkelte. Det vert ofte nytta dagsplanar og arbeidet og dagen vert lagt opp etter visse rutiner, og med mange personale å forhalde seg til. Ved å stadig oppleve beskjedar frå andre, kan ein slik oppleve ei form for avmakt, som Hutchinson (2010) viser til som ei kjensle av oppgittheit. For å oppnå auka sjølvkjensle og sjølvverd, må borgaren oppleve å bli høyrte og sett, altså anerkjent. Honneth (2008) viser også til omgrepet usynligheit, der ein person er fysisk observert men sosialt usynleg. Dette vil då, slik eg ser det, kunne føre til ei oppfatning av seg sjølv som lite verdifull.

Ut frå teorien vert vår identitet og sjølvoppfatning til i samspel med andre. På den andre sida vil personen ha fleire relasjonar, og sjølvoppfatning er såleis ikkje avhengig av berre relasjonen til hjelpar. Mi oppgåve vil uansett innebære å styrke personen gjennom ein kommunikasjon basert på likeverd og respekt. Øvreeide (2011) viser til det etisk gode som er retta nettopp mot å ivareta ein gjensidig dialogisk prosess (Lorentzen 2011). Gjennom å styrke personen på ein måte som bidreg til betre sjølvoppfatning, kan dette, etter mi meining, også bidra til at borgaren også kan meistre negativ respons frå omgjevnadane på ein betre måte, ved at personen vert tryggare på seg sjølv.

Korleis vert handlingskompetanse skapt gjennom relasjon? Med handlingskompetanse i denne samanheng meiner eg fungering i forhold til omgjevnadane. Mead og interaksjonistisk tenkning viser til at vi vert oss sjølv gjennom andre gjennom deira forventningar til oss (Solheim og Øvrelid 2001). Dette stemmer overeins med Freire sitt syn, som også omhandlar manglande evne til å påverke omgjevnadane på grunn av sjølvoppfatning danna ut frå samhandling med andre (Ekeland og Heggen 2010). Ut frå dette vil relasjonen kunne ha stor betydning for eigenopplevinga og dermed korleis vi fungerer. I ein relasjon der eg som hjelpar ikkje har forventningar til borgaren, vil eg såleis kunne ta bort eller hindre utviklingspotensiale hjå borgaren ved at denne ikkje får hente fram eigne ressursar og kunnskap. Gjennom ein diagnose, kan denne, ut frå eit interaksjonistisk syn, bli ein del av identiteten og sjølvbiletet til borgaren. Eg tenkjer at med den biologisk-medisinske forståinga av funksjonshemming som ein eigenskap hjå

individet (St.mld.nr 40 2002-2003), kan ein fort fokusere på den konkrete funksjonshemminga, og såleis gløyme å vektlegge dei ressursane personen har. Eit slikt fokus kan føre til lave forventningar frå omgjevnadane, og som teorien viser, vil dette smitte over til borgaren, og kan såleis bidra til å redusere handlingskompetansen. På den andre side er det viktig at krav, eller forventningar vert tilpassa borgarens funksjonsnivå. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå den konkrete funksjonshemminga. Ved å legge lista for høgt, vil ikkje personen oppleve seg som meistrande, og dette kan igjen ramme sjølvoppfatning og handlingskompetanse. For at relasjonen skal bidra til bevegelse, vil det verte mi oppgåve å finne fram til ein dialog og ei kommunikasjonsform som er tilpassa den enkelte borgar.

Gjensidigheit vert peika på i teorien som vesentlig i ein relasjon, og slik eg tolkar det i denne samaheng, vil dette omhandle nettopp å tilpasse kommunikasjonen til einannan. Som hjelpar vil dette bety at det vert mitt ansvar å legge opp til ein dialog på ein måte som gir plass til den andre for å kome med sine betydningsfulle bidrag. Responsen som då vert gitt ved at den samsvarar med det som vert kommunisert, kan gje den andre kjensle av å mestre omgjevnadane. I samspel med personar med kommunikative vanskar, vil det då vere avgjerande å bruke tid på dette. Tid og rom vil såleis vere avgjerande for om borgaren vil kunne oppleve seg sjølv som handlingskompetent. I kvardagen veit vi at dette ikkje alltid er like enkelt. Manglande tid og ressursar kan gjerne nyttast som argument som kan hindre den enkeltes medbestemmelse. På den andre side, kan det like gjerne omhandle våre grunnlegande antakingar og menneskesyn som påverkar våre handlingar?

Teorien viser til korleis dialogen og relasjonen kan kompensere for og redusere manglande ferdigheiter. Freire meiner at dialog bidreg til auka sjølvtilit og dermed handlingskompetansen (Ekeland og Heggen 2010). Dette samsvarar med Eide og Eide (2010) som viser til at hjelpande kommunikasjon og å involvere borgaren i beslutningar, kan bidra til betre meistring av eigen situasjon. Stern (1985) er av same oppfatning. Gjennom ein trygg relasjon kan ein endre sjølvoppfatning og sjølvkjensle og slik oppnå betre funksjon (Eide og Eide 2010). På denne måten vil, slik eg ser det, relasjonen, og dermed kommunikasjonen vere avgjerande for funksjonshemming, sjølv om det har samanheng med den konkrete funksjonshemminga.

Desse funna stemmer overeins med egne erfaringar i yrkesliv og praksis. For å illustrere dette vil eg tilbake til den personen eg viste til innleiingsvis i oppgåva. Gjennom samtaler med nokre av hjelparane rundt han, fekk eg ei forståing av at dei ikkje hadde forventningar om at han kunne fungere i eit arbeid ut frå sin diagnose. Slike forventningar kan, ut frå det interaksjonistiske perspektiv, verte tatt over av personen. Ein kan kanskje seie her at eit reint medisinsk, eller positivistisk perspektiv vart nytta, ved at funksjonshemminga vart sett på som ein eigenskap ved denne personen. Det vart uttrykt at alt hadde vore prøvd, og han hadde fått tilbod om både arbeid og fritidsaktivitetar. Heldigvis var det personar rundt han som oppfatta dette annleis og hadde tru på at det var mogleg å oppnå bevegelse for denne personen.

Gjennom å bruke tid på å bygge ein relasjon tufta på kommunikasjon tilpassa denne personen, fekk han etter kvart informasjon og kunnskap om ny arbeidsplass. Vesentleg i denne samanheng var som Schibbye (2009) peikar på, affektiv inntoning. Ved å "stemme meg inn på" personens kjenslemessige bølglengde, oppnådde vi gjensidig tillit. Gjennom gradvis tilnærming fekk han forståing av kva tilbodet innebar. Resultatet var at han starta i ny jobb, der han fekk nytte ressursar som mange var overraska over at han hadde. Mange ferdigheiter kom på plass etterkvart som ein konsekvens av dette. Han vart deltakar i det sosiale liv, og gjennom ein relasjon basert på anerkjennande kommunikasjon, kan ein seie at denne personen vart meir handlingskompetent og såleis mindre funksjonshemma.

Utgangspunktet var relasjonen, og det å bli sett og anerkjent. Resultatet var betre funksjon. Dei teoretiske perspektiva syner at sjølvoppfatning og dermed funksjon, vert skapt gjennom interaksjon og dialog med andre. Dømet mitt frå ein praksisperiode viser at funksjonsvanskane til denne personen vart redusert etter ein prosess som tok utgangspunkt i relasjonen. Eg har også liknande erfaringar frå yrkesliv og praksis, der eg har opplevd at ein med eit slikt utgangspunkt har bidrege til betre funksjon for borgarane. Motsett ser eg også at personar med ulike funksjonsvanskar kan verte isolerte og ikkje få nytte sine ressursar. Ofte vert det nytta argument som at alt har vore prøvd, og at dei ikkje vil ta i mot den hjelpa som vert presentert. Tid til å bygge ein relasjon vert då ikkje prioritert, kanskje ut frå argument om knappe ressursar, eller ut frå manglande forståing for samanhengen mellom interaksjon og funksjon.

4.2 Korleis er myndiggjering mogleg?

Askheim (2007) seier at empowerment har å gjere med overføring av makt. Makta må verte tatt eller gitt til dei avmektige. Makt er såleis ein førestnad for myndiggjering. Er overføring av makt mogleg? Eg oppfattar dette i første omgang som ei sjølvmotseiing. Dette fordi i utsegnen å overføre makt, kan tolkast som at det er eg som er maktpersonen og tek styring i prosessen ved å bestemme at borgaren skal ha makt. Men eg som hjelpar kan avstå frå makt. Dette kan eg gjere ved å tone ned profesjonsmakta mi for å sleppe den andre til som ekspert på sine problem og sin situasjon. På den andre side kan det ikkje vere slik at eg som hjelpar går ut av mi profesjonsrolle ved å opphøyre å fungere som hjelpar. Det er nettopp i kraft av min profesjon eg er i kontakt med denne personen. Sidan makt og kunnskap vert vist til som føresetnader for kvarandre, oppfattar eg at ved å gje, eller dele kunnskap med borgaren, kan eg gjere det mogleg for borgaren å erobre eller gjenvinne makt.

Augestad (2005) viser til Foucault som meiner makt er flytande og finns i relasjonar, og makt og kunnskap er føresetnader for einannan (Ekeland og Heggen 2007). Dette samsvarar med Turner (1987), som også peikar på kunnskap som eit viktig grunnlag for makt, og dermed profesjonsmakt (Brodkorb m.fl.2006). Makt ligg såleis i relasjonen, og relasjonen vil då vere avgjerande for maktbalansen. I ein relasjon der den eine parten er avhengig av den andre, vil dette innebære ein asymmetri. Askheim (2007) seier at empowermentperspektivet ikkje må tilsløre den ujevne maktbalansen som ligg i relasjonen. Ekeland og Heggen (2007) viser til at empati føreset at ein tonar ned ekspertmakta. Slik eg tolkar det, er det i utgangspunktet viktig å vere bevisst denne maktubalansen, og vere open om dei rammer ein jobbar innanfor i ein ærleg dialog. Å late som vi stiller på like fot, vil vere å føre den andre og seg sjølv bak lyset. Makta mi ligg i den kompetansen eg har i tillegg til å vere den som skal hjelpe. Men borgarens kunnskap om seg sjølv, som eiga oppleving og kjensler, er det han som er ekspert på. Ei auka bevisstheit om dette, meiner eg kan bidra til ein myndiggjerande kommunikasjon i hjelperelasjonen. Å tone ned ekspertmakta, vil bety at sjølv om asymmetrien er open og klargjort, vil det vere viktig at eg har evne og vilje til å anerkjenne den andre som likeverdig og som ekspert på si eiga oppleving. Når tilbod vert gitt, eller når problem eller utfordringar skal definerast, kan vi fort gløyme dette. Å anerkjenne den andre som ekspert på eigne problem, krev at vi må sette til side eigne formeiningar om kva som er det beste.

På den andre side kan ikkje det å gje frå seg litt av kontrollen innebære at eg gir frå meg ansvaret eller overlet alt til borgaren. Retten til å velje kanskje også opplevast som eit press dersom borgaren sjølv ikkje ynskjer det eller har føresetnader for det. Viss dette ikkje skal opplevast som eit overgrep, vil det vere viktig at eg som hjelpar er bevisst dette og kan oppfatte slike signal. Ekeland og Heggen (2010) peikar på at myndiggjering også inneber retten borgaren har til å sjølv kunne velje når, og i kva grad han skal vere myndiggjort.

Som vist til, er det viktig å anerkjenne den andre som ekspert på si forståing og oppleving av eigne problem. For det andre tenkjer eg at å vere sensitiv overfor den andre er vesentleg. Kommunikasjon består som vist til, ikkje berre av det verbale, men også det nonverbale, som kroppsspråk og mimikk. Som profesjonelle hjelparar vil det slik verte stilt krav til oss på dette området med omsyn til å både vere sensitiv overfor ulike signal, og å fortolke dei. I arbeid med menneske med manglande kognitive og kommunikative ferdigheiter, vil dette vere ei ekstra utfordring. Mange av desse kan ikkje på ein tydeleg måte gje uttrykk for eigne ynskjer og behov. Sensitivitet for den andres signal, og evne til å fortolke desse, vil vere avgjerande for om borgaren skal kunne oppleve kjensle av makt og mynde i eige liv. På den andre side, kan ein då seie at i rolla som fortolkar, er det eg som hjelpar som igjen sit med den endelege makta? Dette er vanskelege etiske spørsmål som det er viktig å stille seg i hjelparrolla.

Foucault seier at makt er flytande og inngår i alle relasjonar. Dette vil bety, slik eg tolkar det, at ein i relasjonen kan finne ein maktbalanse. Det betyr også at eg som hjelpar kan misse makt i visse situasjonar. For å nytte eit ekstremt døme, kan det omhandle ein borgar som brått og uanmeldt går til angrep. I det øyeblikk vil denne personen ha makt. Hjelparen har så sine rutiner i etterkant, og kan ta tilbake makta gjennom vidare handling. Handlinga i denne samanheng kan vere at det på arbeidsplassen vert registrert som a-melding, som vidare kan føre til eit tvangsvedtak for denne personen, dersom dette vert ansett som naudsynt. Det er då slik at alt anna skal vere prøvd først, men poenget her er å illustrere korleis makt flyt mellom partane, og at ein som hjelpar også kan oppleve avmakt i relasjonen. Borgaren kan ha makt ved å ikkje ville ta i mot tilbod som vert gitt. Som hjelpar har eg makt over rammer og ressursar. Myndigheit handlar slik om makt over eit område, og det vil kunne variere ut frå situasjonen kven som til ei kvar tid har denne makta.

Ved at borgaren er i eit avhengigheitsforhold til meg som hjelpar, har eg ein maktposisjon som også inneber ein fare for å "overkøyre" borgaren ved at eg som hjelpar inntek ei paternalistisk haldning som den som veit best. Slik kan eg finne faglege grunnar for å overhøyre den andres ynskjer eller innvendingar og nytte makta mi på ein måte som ikkje er til det beste for borgaren. På den andre side er det ikkje alltid slik at den som treng hjelp, veit kva som er til det beste for seg sjølv. Kan det vere slik at ved å lytte til og fortolke det som vert sagt eller uttrykt, kan personen kjenne seg respektert og myndiggjort sjølv om alle ynskjer og behov ikkje vert imøtegått? Schibbye (2009) peikar på at bekrefting ikkje inneber å godta den andres oppleving i den forstand at eg som hjelpar er einig, men meir at personen opplever å ikkje verte dømt ut frå sin måte å sjå verda på.

Ekeland og Heggen (2010) meiner at eit myndiggjort miljø er avgjerande for myndiggjering. Slik eg tolkar dette, handlar dette også om at vi som hjelparar må ha kunnskap om korleis vi gjennom kommunikasjon kan bidra til myndiggjering. Det er ikkje slik at alle hjelparar har slik kunnskap eller forståing. Eigne erfaringar viser at det heller ikkje er slik at teoretisk kunnskap alltid fører til myndiggjerande praksis. Det handlar først og fremst om haldningar og menneskesyn. Eit myndiggjort miljø vil innebere, slik eg ser det, eit grunnleggande menneskesyn som ser på mennesket som ein aktør med mulighet til å påverke og bli påverka av omgjevnadane. Det er også eit slikt menneskesyn utdanninga mi som vernepleiar byggjer på.

Personen frå praksisperioden som eg tidlegare har vist til i oppgåva, er etter mi meining eit døme på korleis myndiggjering kan vere mogleg. Gjennom dialog basert på tillit og respekt, og kunnskap tilpassa hans funksjonsnivå, vart han sett istand til å ta egne val, og fekk såleis meir styring over eige liv. Årsaka til at dette var mogleg, var at han hadde personar rundt seg som hadde ei urokkeleg tru på at bevegelse var mogleg, og at profesjonsmakt vart nytta på ein måte som vart frigjerande for denne personen. Gjennom denne prosessen vart han deltakar i det sosiale liv og fekk mange positive tilbakemeldingar på seg sjølv.

I denne situasjonen tok han eit val som var i samsvar med det som eg og andre meinte var til det beste for han. Men kva om han hadde valt annleis? Ved at borgaren vert betrakta som ekspert på egne problem, må vi også kunne godta og respektere at dei vala som

vert tatt, kanskje ikkje er dei som vi meiner er dei beste. På den andre side er det ikkje slik at å vere ekspert på eigne problem, inneber å vite, eller å sjå kva løysing som er best. Her kan ein stille spørsmål om kor pågåande ein skal vere for å påverke borgaren for å ta det "rette" valet. Slik vil det vere av stor betydning at vi i kommunikasjonen legg til rette for at borgaren får kunnskap nok til å ta gode val for seg sjølv. Utgangspunktet mitt for å skrive denne oppgåva, var nettopp eigne erfaringar om kor vanskeleg denne balansegangen kan vere. Kvar går grensa mellom mi plikt til å gje rett og tilpassa hjelp, og retten den andre har til å bestemme over sitt eige liv? Balansegangen mellom å vere pågåande i kommunikasjonen, og påtrengande eller manipulerande ved å tvinge si eiga problemforståing og løysing på den andre, er ikkje alltid like enkel. Forventningar til seg sjølv og omgjevnadane ut frå rolla som hjelpar eller fagperson, kan bidra til at makt og kunnskap ikkje ver delt, som er ein av føresetnadane for myndiggjering. Respekt er eit nøkkelord her. Anerkjenning for borgarens måte å sjå verda på er vesentleg, sjølv om eg som hjelpar ikkje ser den på same måte. Turner (1987) peikar på den makt vi har som hjelparar til å bestemme, gjennom eigne normar og verdiar, kva som er rett og gale, normalt og unormalt (Brodtkorb m.fl.2006). I NOU (2003), vert det også vist til at desse normene kan gje styrke og samhald, men også vere undertrykkjande. Dette vil vere viktig å vere bevisst på, slik at borgaren opplever anerkjenning for sin måte å sjå verda på.

Som vist til tidlegare, har eg ofte erfart at det vert nytta argument om at borgaren ikkje vil ta i mot tilbod som vert gitt, og at dette vert godtatt av hjelparane. Dette kan i mange tilfelle vere ansvarsfråskrivning og ein lettvint måte å sleppe unna eit problem på, og dermed vere etisk uansvarleg. Slik eg ser det, vil makt også innebere det å ikkje gjere noko. Som hjelpar har eg plikt til å bidra til bevegelse for den som treng hjelp. Det motsette vil kunne vere unnlattelssynd, og kan også skade den andre. Personen eg tidlegare har vist til i oppgåva, kan vere eit døme på dette. Hans nei til å ta i mot tilbod vart godtatt, og dette førte til isolasjon og dermed dårleg funksjon på fleire område.

Myndiggjering er ut frå dette mogleg på visse premissar. Ein føresetnad er at både eg som hjelpar og borgaren har forventningar til oss sjølve som kan bidra til myndiggjering. Vesentleg for å oppnå bevegelse er å bidra til positiv sjølvoppfatning for borgaren. For å gjere dette mogleg, er kommunikasjonen og relasjonen avgjerande. Dette vil såleis kunne påverke handlingskompetansen og dermed funksjon. Ein førsetnad er at eg som hjelpar tonar ned mi profesjonsmakt ved å gje rom for den andre til å erobre eller gjenvinne makt

til å ta mest mogleg kontroll over eige liv. Mi viktige og krevjande oppgåve som hjelpar vil såleis vere å framelske dei ressursar og muligheiter borgaren har.

4.3 Kva betyr anerkjenning for myndiggjering?

Anerkjenning er eit grunnlegande behov hjå alle menneske, og slik sett, ein føresetnad for myndiggjering. Relasjonen mellom borgar og hjelpar vil såleis vere avgjerande for borgarens oppleving av mulighet til å vere hovudaktør i eige liv. Honneth (2009) viser til *kjærleik, rett og solidaritet* som tre basale former for anerkjenning. *Kjærleik* er, etter hans meining ein førestenad for sjølvkjensle og for å kunne uttrykkje våre rettar. Slik eg forstår omgrepet i denne samanheng, vil det for meg som hjelpar innebere å ta borgaren på alvor, og ha eit undrande utgangspunkt, utan å fordømme. Dette har betydning for korleis borgaren oppfattar seg sjølv. *Rett* oppfattar eg som respekt ved å bli møtt som eit fullverdig og likeverdig menneske. *Solidaritet* vil i mi forståing innebere at borgaren får positiv respons på eigne kunnskaper og ferdigheiter, og at desse også vert nytta aktivt.

Schibbye (2009) seier at ein anerkjennande relasjon inneber å kunne gjenkjenne, skjelne, bekrefte og styrke, og også å kunne sjå noko om igjen. Slik eg forstår dette må eg i utgangspunktet ha kunnskap og forståing av mitt eige sjølv, og eiga sjølvkjensle vil såleis ha betydning for relasjonen. Dei kjenslene den andre opplever, eller gir uttrykk for, kan såleis treffe strengar i meg som gjer at eg kan gjenkjenne desse i meg sjølv. Dette krev at eg viser evne og vilje til å vere tilstades i situasjonen som eit medmenneske den andre også kan kjenne seg igjen i. Mine evner til genuin merksemd og anerkjennande respons, vil såleis vere avgjerande for å kunne fremje involvering og kontakt. Slik kan også borgaren gjennom utforsking, få meir kunnskap om seg sjølv, og på den måten hente fram ressursar. På den måten kan vi bringe fram noko i kvarandre som kan bidra til bevegelse. På den andre side viser også teorien til sjølvavgrensing som viktig. Identitet handlar nettopp om å ha kunnskap og evne til å skilje seg sjølv frå andre.

Samtidig viser Honneth (2009) til at anerkjenning ikkje inneber ein rett til å bli anerkjent for handlingar, haldningar og verdiar, men at vi, slik eg forstår det, må verte betre på å finne fram til dei positive sidene hjå dei vi skal hjelpe. Ei anerkjennande haldning vil såleis krevje ein kontinuerlig refleksjon over eigen praksis. Det kan også vere ein krevjande

prosess å skulle forstå ein person innanfrå på ein måte som gjer det mogleg for den andre å opne seg. I yrkessamanheng vil det også vere slik at vi opplever møte med borgarar der det kan vere vanskeleg å ha ei empatisk haldning som anerkjenning inneber. For å illustrere dette, kan eit ekstremt og dagsaktuelt døme vere ein person som Anders Behring Breivik. Eg har tenkt at det må vere vanskeleg for dei som har nær kontakt med han å ha ei anerkjennande haldning. Er dette mogleg? Eg meiner at ved å ha evne til å skilje ut handlingar, haldningar og verdiar som Honneth viser til, kan dette vere mogleg. Då står det igjen eit menneske som er forma i interaksjon og relasjon med andre. Hans identitet og sjølvkjensle er eit produkt av hans miljø. Ei av dei relasjonelle ferdigheitene inneber nettopp å ha ei ikkjedømande haldning. Formålet med å nytte dette dømet, er å få fram kva det kan krevje av oss som hjelparar å vere anerkjennande.

Affektiv inntoning er som vist til, vesenteleg for å kunne dele kjenslemessig fellesskap. Slik eg forstår dette, handlar dette om ein prosess der eg som hjelpar viser evne og vilje til å forstå og anerkjenne den andres opplevingsverd gjennom å vere sensitiv for signal frå personen. Dette vil bety at eg til dømes maktar å forstå kva som ligg bak orda eller eventuelt kroppsspråk. Vi må vere på same toneleie, for å nytte musikkpråket. Kommunikasjonen vil kunne låse seg dersom eg som hjelpar i møte med ein deprimert person ikkje maktar å tone meg inn. Borgaren vil slik kunne oppleve seg lite respektert og forstått. På den andre side er det ikkje slik at eg skal gå inn i depresjonen og bli ein del av den. Målet vil vere å vise at eg forstår, gjennom å lytte til den andre slik at han kjenner seg møtt der han eller ho er. Røkenes og Hanssen (2007) viser til at ved å speile den andres kjensler, kan borgaren få auge på seg sjølv utanfrå, og utvikle *A Theory of Mind*. Ein føresetnad for å kunne gjere dette, vil vere at vi har ein relasjon der vi har tillit til og respekt for kvarandre. Tillit vil då vere avhengig av samsvar mellom nonverbal og verbal kommuniasjon. Dersom borgaren ikkje opplever at det eg seier eller gjev uttrykk for, samsvarar med det eg uttrykkjer gjennom kroppsspråk eller mimikk, vil tilliten verte svekka. Det vil også, etter mi meining vere viktig at eg gjev adekvat respons på signal frå borgaren. Slik kan personen oppleve å beherske omgjevnadane, og føle at han lukkast. Å lukkast på område som vert betrakta som viktig for seg sjølv har betydning for sjølvoppfatninga. Vurdering frå andre er som vist til, vesentleg, og betyr mykje for korleis vi oppfattar oss sjølve.

Eg vil vise til eit døme frå yrkesliv for å illustrere samanheng mellom anerkjenning og myndiggjering. Denne personen ville etterkvart oppfatte seg sjølv som kjønnsnøytral, og dette innebar også at personen kalla seg eit anna navn. Dette vart ikkje takla like godt i alle miljø, og personen fekk såleis nokre vanskelege år, ved å ikkje verte anerkjent for dette. Borgaren vart ofte møtt med protestar, og velmeinande forklaringar om korleis og kvifor dette ikkje gjekk an. Konsekvensen vart at personen gjennom å ikkje bli møtt og forstått, utvikla åtferd som i neste omgong gjorde samspel med omgjevnadane enda vanskelegare. Om eg nyttar Honneths omgrep *kjærleik* og *rett* her kan eg vel sei at desse basale formene for anerkjenning ikkje var tilstades, ved at personen vart dømt ut frå sin måte å sjå verda på og ikkje respektert og møtt som eit likeverdig menneske. Dette påverka såleis personens oppfatning av seg sjølv, som umyndiggjort på vesentlege og grunnleggande område i sitt liv. Dette endra seg etterkvart, mykje takka vere familie og betydningsfulle andre som heile tida bekrefta personen si sjølvoppfatning. I tillegg skifta personen miljø, der personens eiga oppfatning vart akseptert. Det vart brukt mykje tid til å hjelpe personen til å tenkje positivt om seg sjølv ved å ta på alvor eiga oppleving, og å snakke *med* denne personen og ikkje *til*. Slik kunne denne borgaren etterkvart oppleve seg sjølv som eit fullverdig og likeverdig menneske med makt og mynde i eige liv.

5. Oppsummering og konklusjon

Utgangspunktet for denne oppgåva var å få meir kunnskap om korleis kommunikasjon kan bidra til myndiggjering for personar med funksjonshemming. I et forsøk på å samanfatte funna mine, tek eg utgangspunkt i dei tre underspørsmåla til hovudproblemstillinga mi, som har fungert som rettesnorer for å svare på denne.

1. Kva betyr relasjonen for funksjonshemming?

Eit sentralt poeng ut frå resultata mine viser at sjølvoppfatning er vesentleg for funksjon. Dette fordi verdsetting av eige sjølv har betydning for handlingskompetansen. Identitet og sjølvoppfatning vert forma i interaksjon med andre, og relasjonen vil då kunne ha stor betydning. Forventningar til oss sjølv ut frå samfunnsskapte roller vil påverke kommunikasjon og samhandling. Mi forståing for funksjonshemming og haldning til borgarens evne til makt og innflytelse i eige liv, vil såleis vere av betydning. Funna mine viser korleis dialogen og relasjonen kan kompensere for og redusere manglande ferdigheiter. Ein trygg relasjon basert på tillit og respekt kan bidra til bevegelse gjennom å betre sjølvkjensla og slik bidra til betre funksjon.

2. Korleis er myndiggjering mogleg?

Myndiggjering er, ut frå funna mine, mogleg ut frå visse premisser. Eit viktig poeng er å finne ein maktbalanse i relasjonen som kan fungere frigjerande for borgaren, utan at dette betyr at eg gir frå meg ansvaret eller overlet alt til personen. Dette fordi makt er ein føresetnad for myndiggjering. Korleis kommunikasjonen utviklar seg, vil vere avgjerande for å få dette til. Å anerkjenne den andre som ekspert på eigne problem og opplevingar vil vere ein måte å tone ned mi ekspertmakt. Ei anerkjennande haldning inneber å lytte aktivt og tone meg inn på den andre på ein måte som gjev borgaren eit kjenslemessig gjensvar eller bekrefting på at opplevinga er mottatt og delt. I motsett fall vil den andre kunne oppleve seg krenka ved å ikkje verte møtt og forstått, og dialogen kan låse seg. Med ei anerkjennande haldning og ved å gje tid og rom for den andre kan borgaren slik erobre, eller gjenvinne makt og mynde i eige liv. Å framelske dei ressursar og muligheiter personen har, og nytte desse aktivt, vil vere vesentleg.

3. Kva betyr anerkjenning for myndiggjering?

Anerkjenning er eit grunnleggande behov hjå alle menneske og difor ein føresetnad for myndiggjering. Ei anerkjennande haldning vil innebere evne og vilje til å vere til stades i situasjonen som eit medmenneske den andre kan kjenne seg igjen i. Min respons vil kunne vere avgjerande for om borgaren får hente fram kunnskap og ressursar som kan bidra til bevegelse. Affektive reaksjonar i form av mimikk og stemmeleie vil ha betydning for om borgaren kjenner seg respektert og anerkjent. Om eg som hjelpar ikkje bekreftar og anerkjenner personens eiga oppleving av situasjonen, kan vedkomande oppleve å kjenne seg lite verdsett, og såleis ikkje myndiggjort. Sjølvkjensle er avhengig av relasjonen. Dette betyr ikkje rett til anerkjenning for alle handlingar, men rett å bli møtt med aksept.

Ein samla konklusjon ut frå problemstillinga og dei funna eg har gjort i denne oppgåva, må vere at kommunikasjon har avgjerande betydning for myndiggjering for personar med funksjonshemming. Som hjelpar må eg ta i bruk mi evne til empati og innleving for å kompensere for borgarens funksjon. Eg må også ha ei anerkjennande haldning, gjennom å lytte til reaksjonar frå personen. For å ta ein myndiggjerande praksis på alvor, må eg innsjå at borgaren og eg har noko å lære av kvarandre. Eg som hjelpar har den faglege kompetansen, men eg er ikkje ekspert på borgarens liv eller på opplevinga av funksjonsvanskane. Gjennom ein kommunikasjon basert på likeverd og respekt kan desse møtast, og bevegelse kan skje. Einvegskommunikasjon den eine eller andre vegen kan føre til negative konsekvenser for kvaliteten på tenestene. Gjennom dialogen kan felles oppfatningar utviklast og bidra til samarbeid, og slik auke samsvar mellom behova til brukaren og den hjelpa som vert gitt.

Det vil vere mange sider ved dette temaet eg ikkje får belyst, og mi undersøking dekkjer slik ein liten del av det som eg i utgangspunktet var interessert i. Mange spørsmål har dukka opp undervegs. Blant anna medfører myndiggjering også eit moralsk ansvar for borgaren med omsyn til eigne handlingar. Forholdet mellom myndigheit og ansvar er eit interessant og vanskeleg spørsmål som kan danne grunnlag for nye problemstillingar.

Personar med ulike funksjonsvanskar, kan ofte oppleve seg som mindreverdige i eit samfunn prega av det å kunne yte. Å bidra til auka sjølvkjensle vil kanskje vere ei av dei viktigaste oppgåvene for oss som hjelparar. Tema i oppgåva kan såleis vere overførbar til alt hjelpearbeid.

Litteraturliste

Aadland, Einar (2010). *"Og eg ser på deg...": Vitenskapsteori i helse-og sosialfag*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Askheim, Ole Petter (2007). *Fra normalisering til empowerment: Ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Bollingmo, Leif, Kari Høium og Bjørn-Erik Johnsen (red.). (2004). *Det er mitt liv: Brukermedvirkning og nye hjelperoller i habilitering og rehabilitering*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Dalland, Olav (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Ekeland, Tor-Johan og Kåre Heggen (red) (2010). *Meistring og myndiggjering: Reform eller retorikk?* Oslo: Gyldendal Akademisk

Honneth, Axel (2008). *Kamp om anerkjennelse*. Oslo: Pax forlag

Hutchinson, Gunn Strand (2010). *Samfunnsarbeid: Mobilisering og deltakelse i sosialfaglig arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Linde, Sølvi og Inger Nordlund (2006). *Innføring i profesjonelt miljøarbeid: Systematikk, kvalitet og dokumentasjon*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Lorentzen, Per (2011). *Ansvar og etikk i miljøarbeid*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Markussen, Eifred (2008). *Funksjonshemmet i Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Schibbye, Anne-Lise Løvlie (2009). *Relasjoner: Et dialektisk perspektiv på eksistensiell og psykodynamisk psykoterapi*. Oslo: Universitetsforlaget AS

Solheim, Liv Johanne og Bjarne Øvrelid (2001). *Samhandling i velferdsyrke*. Bergen: Fagbokforlaget.

Tuntland, Hanne (2007). *En innføring i ADL: Teori og intervensjon*. Kristiansand S: Høgskoleforlaget AS- Norwegian Academic Press

* Eide, H og T. Eide (1996). *Kommunikasjon i relasjoner*. Ad Notam Gyldendal. Kap.2

* Kristjansen, Kristjana og Marit Borg m.fl. (2009). *Medforskning: å forske sammen for kunnskap om psykisk helse*. Oslo: Universitetsforlaget. Kap.1.s.17-28 (12s), Kap.2. s.29-40 (12s)

Stortingsmelding nr.8 (1998-1999). *Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001*. Arbeidsdepartementet

Stortingsmelding nr.40 (2002-2003). *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Arbeidsdepartementet

Stortingsmelding nr.47 (2008-2009). *Samhandlingsreformen: Rett behandling - på rett sted - til rett tid*. Arbeidsdepartementet

NOU (2001:22). *Fra bruker til borger*. Arbeidsdepartementet.

FO (2002). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagoger, sosionomer og vernepleiere*. FO

Fagplan (2009). *Bachelor i vernepleie*. Høgskolen i Molde

